



Måndag startar stemminga over det pepperkakeprodusentane har prestert og stilt ut på SPAR. To spørsmål skal besvarast:

**Kva byggverk er finast?
Kva byggverk er mest kreativt?**

Stemminga skal pågå til og med fredag 21. desember og det vert premieutdeling til vinnarane laurdag klokka 12.

Ein får stemmesetel i kassa og ein kan stemma kvar gong ein handlar.

Det er mykje å velja mellom - frå uro som svevar oppunder taket via Festidalen og oljeplattform til SPAR og Systrene Nilsen. For ikkje å gløyme gamaldass og fuglebur!

